



## FLAGGREGLEMENT FOR FJORD KOMMUNE

### Flagging

På offisielle flaggdagar skal det flaggast med nasjonalflagget desse stadane:

- Rådhuset i Valldal
- Kommunehuset i Stordal
- Valldal trygde og sjukeheim
- Stordalstunet
- Eidsdal omsorgsbustader

17.mai skal kommunen i tillegg syte for at det blir flagga:

- På skulane
- Dalsbygda barnehage
- Stordalshallen

Fyrste skuledag skal det flaggast ved skulane.

Ved kommuneval skal det flaggast ved vallokaler.

Det kan flaggast ved kommunale formålsbygg ved andre markeringar etter avtale med einingsleiar.

### Offisielle flaggdagar

Det skal flaggast på det som er definert som offisielle flaggdagar i flaggforskrifta §4:

1. januar	1. nyttårsdag
21. januar	H.K.H. prinsesse Ingrid Alexandras fødselsdag
6. februar	Samefolkets dag
21. februar	H.M. kong Harald Vs fødselsdag
1. mai	Offentlig høytidsdag
8. mai	Frigjøringsdagen 1945
17. mai	Grunnlovsdagen
7. juni	Unionsoppløsningen 1905
4. juli	H.M. dronning Sonjas fødselsdag
20. juli	H.K.H. kronprins Haakon Magnus fødselsdag
29. juli	Olsokdagen
19. august	H.K.H. kronprinsesse Mette-Marits fødselsdag
25. desember	1. juledag
Bevegelig	1. påskedag
Bevegelig	1. pinsedag
Bevegelig	Dagen for stortingsvalg

## **Tidspunkt for flagging**

Flagget heisast i månadene mars til og med oktober kl. 0800, i månadene november til og med februar kl. 0900. Flagget firast ved solnedgang, men ikkje seinare enn kl. 2100 viss sola går ned etter denne tid.

## **Flagging ved gravferd**

Bebuarar i kommunale institusjonar eller omsorgsbustader i tilknytning til desse – flagging på halv stong ved institusjonen der vedkomande budde

Noverande tilsette – flagging på halv stong ved tenestestaden der vedkomande var tilsett

Særskilte høve – flagging på halv stong etter avtale med kommunedirektør og ordførar eller etter nasjonale føringar

## **Flagging på halv stong**

Ved flagging på halv stong skal flagget fyrst skal heisast heilt opp (heil stong), haldast der eit augeblikk, og så firast på "halv stong" – som er ein tredjedel ned frå toppen av flaggstonga.

Ved gravferd skal det flaggast på halv stong inntil gravferds-seremonien er avslutta. Deretter skal flagget heisast til topps og firast til vanleg tid.

*Vedtatt den 20.05.2021, k.sak 39/21*